

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 8. mai 2020 kl. 11.30 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Beredskapslager for legemiddel

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Bent Høie

Frå styret møte

Styreleiar Einar Strømsvåg
Olin Johanne Henden
Sigurd K. Hille
Bente Pilskog

Pernille Lysaker
Wenche Kristin Røkenes
Bjørn Egil Vikse

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne
Eigardirektør Ivar Eriksen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae

Også til stades

Statssekretær Anne Grethe Erlandsen
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum
Ekspedisjonssjef Espen Aasen

Avdelingsdirektør Kai Furberg
Avdelingsdirektør Are Forbord
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Bent Høie ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Einar Strømsvåg og helse- og omsorgsminister Bent Høie vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Beredskapslager for legemiddel

Føretaksmøtet viste til at regjeringa har vedteke at det skal etablerast beredskapslagring av forsyningskritiske legemiddel i lys av Covid-19. Det skal etablerast to nivå av beredskapslagring av legemiddel; nivå 1 og 2. Nivå 1 omfattar tre til seks månaders forbruk av dei 50 mest forsyningskritiske legemidla ("50-lista") for primærhelsetenesta, tre månaders forbruk av legemiddel på Covid-19-lista for 800 intensivpasientar i spesialisthelsetenesta og H-reseptlegemiddel tilsvarande åtte vekers forbruk. Oppdrag om å bygge opp nivå 1 er gitt til Helsedirektoratet og Helsedirektoratet har gitt deler av oppdraget vidare til dei regionale helseføretaka ved Helse Sør-Øst RHF (beredskapslager for legemiddel på Covid-19-lista og H-reseptlegemiddel). Nivå 2 inneber at det samla skal byggast opp eit lager i Noreg av seks månaders forbruk av eit utval av særskilt prioriterte legemiddel i spesialisthelsetenesta og ei noko utvida 50-liste for primærhelsetenesta. Føretaksmøtet viste også til at Helsedirektoratet har fått i oppdrag å vurdere om det i lys av beredskapssituasjonen er mogeleg å auke produksjonskapasiteten på kritiske legemiddel i Noreg.

Føretaksmøtet viste til tidlegare oppdrag til Helsedirektoratet om å bygge opp lager i Noreg i tråd med nivå 2 der også dei regionale helseføretaka skulle ha ei sentral rolle. Nytt oppdrag til Helsedirektoratet og krav stilt i denne protokollen erstattar dette.

Dei regionale helseføretaka skal, under leiing av Helse Vest RHF, ivareta ansvar for eigarskap, innkjøp og å halde lager for legemiddel for både primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta i Noreg i tråd med beredskapslagring på nivå 2, samt innkjøp av råvarer til produksjon av kritiske legemiddel i Noreg.

Oppbygging av beredskapslager og innkjøp av råvarer til produksjon av kritiske legemiddel skal skje i samarbeid med Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk. Føretaksmøtet la til

grunn at dei regionale helseføretaka saman med Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk, og i dialog med KS, sikrar ei formålstenleg involvering av representantar frå kommunane.

Føretaksmøtet viste til at Helsedirektoratet har det overordna ansvaret for legemiddelberedskapskapen i Noreg. Føretaksmøtet la derfor til grunn at Helsedirektoratet tar i vare ansvaret for å fatte avgjerder om innhaldet i beredskapslageret. Dei regionale helseføretaka og Statens legemiddelverk skal gi faglege råd til Helsedirektoratet om dette.

Det er føresett at det raskt og innan tre veker blir gjennomført eit forprosjekt som beskriv alle oppgåver og strukturar som er nødvendige for å realisere oppdraget. Forprosjektet skal beskrive alle relevante aktørar sine bidrag, medrekna Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk, og det skal utviklast i samarbeid med desse. Helse Vest RHF skal i tillegg nytte den samla kompetansen i dei regionale helseføretaka, medrekna Sykehusinnkjøp HF og sjukehusapoteka, i arbeidet.

Utgiftene til innkjøp, lagerhald og tilknytte kostnader, samt utgifter til innkjøp av råvarer til legemiddelproduksjon, skal dekkast gjennom budsjettfullmakta gitt i kongeleg resolusjon av 13. mars, som gir Helsedirektoratet høve til å overskride løyvinga i statsbudsjettet for 2020 under kapittel 732, post 70 med utgifter til nødvendige legemiddel til handteringa av utbrotet av koronaviruset. Den øvre ramma for innkjøp av legemiddel, lagerhald og tilknytte kostnader til beredskapslagring på nivå 2 er sett til 1 mrd. kroner. Innkjøp av råvarer til legemiddelproduksjon kjem i tillegg. Føretaksmøtet viste til at Helsedirektoratet tilfører Helse Vest RHF nødvendig likviditet til anskaffing og lagring. Praktiske detaljar knytt til likviditetstilførselen må avtalast nærare mellom Helsedirektoratet og Helse Vest RHF.

Dei regionale helseføretaka skal dessutan ikkje bli økonomisk belasta eller oppnå økonomiske fordelar som følgje av oppdraget. Departementet vil sikre ei praktisk oppfølging av dette.

Målet er at lager for legemiddel som er omfatta av nivå 2 skal vere ferdig oppbygde innan 15. juli 2020. Det er ein knapp frist. Det skal likevel leggast vekt på å kjøpe inn legemiddel som er godkjende i EU/EØS, framfor å handle direkte frå leverandørar med ukjent legemiddel for å nå fristen.

Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- *etablere eit beredskapslager for legemiddel på nivå 2 for primær- og spesialisthelsetenesta, irekna å gjennomføre innkjøp, sikre lagerhald og forvalte eigarskapet til legemidla i beredskapslageret. Ramma for innkjøp av legemiddel på nivå 2, lagerhald og tilknytte kostnader er 1 mrd. kroner.*
- *ivareta innkjøp av råvarer til nasjonal legemiddelproduksjon av kritiske legemiddel.*
- *sørge for at Helse Vest RHF leier arbeidet på vegne av dei regionale helseføretaka, som skal skje i samarbeid med Helsedirektoratet og Statens legemiddelverk. Strukturar, oppgåver og bidrag frå ulike aktørar som er nødvendige for å realisere oppdraget skal beskrivast i eit forprosjekt snarast og seinast innan tre veker frå føretaksmøte. Det vert lagt til grunn at det skal sikrast ei formålstenleg involvering av representantar frå kommunane.*
- *ta sikte på å etablere eit slikt beredskapslager innan 15. juli 2020.*
- *rapportere til departementet på innkjøp, lageroppbygging mv. etter nærare avtale med departementet.*
- *gi ein endeleg rapport etter at etableringa av beredskapslageret er ferdigstilt.*

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka skal etablere eit beredskapslager for legemiddel, i tråd med punkta over.

Møtet vart heva kl. 11.45.

Oslo, 8. mai 2020

Bent Høie

Einar Strømsvåg

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar